

ALVER KOMMUNE
[adresse]
[postnr] [poststed]

[kontakt]

| | |
|-------------------------|--------------------|
| Dato | 17.01.2022 |
| Vår referanse | 2022/3035-2 |
| Dykkar referanse | [ref] |
| Sakshandsamar | Tone Bøyum |
| E-post | Tone.Boyum@vlfk.no |
| Telefon | 47781807 |

Tilbakemelding - Trafikklysingar - Områderegulering Mjåtveitstø/ Dalstø i Alver kommune

Viser til epost mottatt 20.12.2021.

Saka gjeld etablering av nytt kryssområde / rundkøyning til Mjåtveitstø i samband med utarbeiding av områdeplan. Slik vi forstår eposten vil de ha innspel på dei prinsippa som ligg til grunn. De spør særleg om tilbakemelding på valgte løysingar for busshaldeplass, som begge har dårleg bakoversikt i høve til Handbokkrav ved 60 km/t.

Uttale:

Prosjekterte løysing viser rundkøyning, tilbod til mjuke trafikantar, og kollektivhaldeplass ved utfarten til rundkøyning, i begge retningar.

Vi vil først melde tilbake framlegget viser ei grei løysing, og at prinsippa kan akseptrast dersom det vert gjort ein del justeringar.

- Vi meiner det kan planleggast vidare for busshaldeplass nær rundkøyning.
- Dersom ein trekker veg 61000 ytterlegare mot nord vil ein oppnå betre baksikt til busslomme og gangfelt.
- Ved veg 12000 må ein vurdere vridning av busslomme opp mot funksjonalitet. Det må planleggast slik at ein kan kome inn til perrongen for heile busslengda.
- Buss som står i busslomme må ikkje hindre sikt til overgangsfelt.
- Vidare utforming av busslommer må avklarast med Skyss.
- Legg ein eit anna fartsnivå til grunn for siktkrav enn fartsgrensa er det eit fråvik, og skal handsamast slik før planen vert vedteken.
- Det kan etablerast fotgjengerfelt nær rundkøyning dersom rundkøyninga er stor nok slik at ein oppnår god avbøying som sikrar fartsreduksjon.
- Vi saknar ei god framstilling på korleis mjuke trafikantar skal bevege seg mellom målpunkta, under dette snarvegar til skule og aktuelle kryssingspunkt ved fylkesvegen.
- Mjuke trafikantar må ledast mot overgangsfelta. Korleis skal dette løysast slik at ein unngår villkryssing, særleg mellom veg 61000 og 65000
- Ein bør unngå løysingar som utløyser behov for rekkverk, løysingane må visast med god funksjonalitet.

Teikningane er på den eine sida svært detaljerte med kantstein og liknande, medan det på den andre sida ikkje er lagt på avstand, meter, diameter mm. Det er heller ikkje sendt ved plankart med forklaringar. Det er difor vanskeleg å forstå samla løysing for ulike trafikantgrupper, samt å sjå om den prosjekterte løysinga tilfredsstillar krava i handbøkene.

Det skal i utgangspunktet ikkje anleggast gangfelt på strekningar med skilta fart 60 km/t. Dersom ein skal akseptere ei slik løysing må det etablerast fartsreducerande tiltak som til dømes rundkøyning slik de har foreslått. Eit viktig moment for å oppnå god nok fartsreduksjon, er at rundkøyninga er stor nok og har god nok avbøyning. Notat om *Kryssing for mjuke trafikanter* er svært sparsamt og må drøfte meir grundig val av løysingar, under dette korleis ein skal sikre tilfredsstillande forhold for denne trafikantgruppa, tal på kryssande ved full utbygging, vurdering av ulike løysingar osv.

Vi vil understreke at dette er ein førebels tilbakemelding og at vi ikkje har vurdert alle detaljer i framlegget. Vi vil uttale oss meir utfyllande når områdeplanen kjem på høyring med alle relevante plandokument.

Med helsing

Hege Løtveit

leiar

INV - Forvaltning Bergensområdet

Tone Bøyum

senioringeniør

INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Mottakarliste

Kristin Namdal

ALVER KOMMUNE

Postboks 4

5906

FREKHAUG

Kopi til:

STATENS VEGVESEN

Postboks 1010 Nordre Ål